



Roald Haugsdal
Knarvikgarden 88a
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7088 - 23/74116

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
25.09.2023

Førebels svar på søknad om endring av bygningskode i matrikkelen - gbnr 121/28 Knarvik nord

Alver kommune viser til din førespurnad om endring av bygningskode i matrikkelen frå kode 112 til kode 111 for bustad på eigedomen gbnr 121/28, mottatt 15.09.2023.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at eigedomen er godkjend oppført som bustad med 2 bueiningar. Bygget er derfor registrert i matrikkelen med kode 112, dvs. einebustad med hybel/sokkelleiligheit. Det går fram av godkjende teikningar at sekundærhusværet i underetasjen er fysisk skilt frå hovudhusværet, har eigen inngang og innehar alle hovudfunksjonar som for bustad. Av mottatt planteikning er det vist ny dør mellom brukseiningane (frå hall til kjøkken/stove).

Før kommunen kan endra bygningskode må det søkjast om samanføyning av brukseiningane etter plan- og bygningslova. Dette er eit søknadspliktig tiltak som i utgangspunktet krev bruk av ansvarlege føretak. Når tiltaket medfører bygningsmessige arbeid av mindre omfang, som i dette tilfelle (innsetting av dør mellom brukseiningane), har kommunen gitt unntak frå krav om ansvar. Du kan derfor søkja om samanføyinga sjølv.

Vi har lagt ved søknadsskjema som du må fylla ut og senda tilbake til kommunen. Vi vil leggja mottatt teikning som viser dagens situasjon og utgreiing av dagens bruk av arealet, til grunn for behandlinga av søknaden.

Vi gjer merksam på at samanføyinga er gebyrlagt med eit saksbehandlingsgebyr på kr 8 187,-

Frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til **01.11.2023**. Dersom kommunen ikkje har mottatt ytterlegare dokumentasjon innan fristen vert saka avslutta.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tiltak

Mottakarar:

Roald Haugsdal

Knarvikgarden 88a

5955

LINDÅS